



Tom Atle Olsen  
Flatøyvegen 53  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/610 - 23/26518

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
04.04.2023

## Svar på din e-post datert 21.03.2023 - gbnr. 336/62 Ådland nordre

Vi viser til din e-post datert 21.03.2023 og svarer ut punktvis dine spørsmål.

- Som eigar av tomten er du ansvarleg for dei tiltak som er utført på eigedomen, du er også ansvarleg for at tidlegare utførte tiltak er godkjente.
- Ved gjennomgang av Meland kommune sitt historiske arkiv finn vi at i sak 127, datert 23.08.1984 er gjeve løyve på vilkår for oppføring av einebustad på denne eigedomen.
- I brev datert 22.10.1990 frå Meland kommune ved bygningsrådet vert det gjeve merksam på at byggeløyvet er utgått. Vi legg derfor til grunn at det ikkje ligg føre godkjente løyver for terrengarbeid og oppføring av brakker på eigedomen.
- Eigedomen ligg innanfor eit område som i arealdelen i kommuneplan for Meland kommune er definert som LNF-område (Landbruks-, natur- og friluftsområde.) Føremålet gjeld landbruks-, natur og friluftsområde med naudsynnte tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag, jf. pbl § 17-7 nr. 5 a. Bruk av tomten til oppbevaring av brakker, buss, campingvogn, motorkøyretøy og diverse andre ulike gjenstandar er ikkje i samsvar med arealformål for eigedomen og av den grunn må dette opphøyrast.
- Kommunen ynskjer ikkje å lage noko stor sak av ein tomt som vart planert for 30 år sidan, men bruken av tomten til oppbevaring av diverse utstyr må avsluttast og brakker må enten fjernast eller søkjast om. Terrenginngrep må enten tilbakeførast eller søkjast om.
- Notat ang. melding til kommunen er vedlagt dette brevet.

Me legg til grunn dine opplysningar om at buss og campingvogn er fjerna, og ber om vidare plan for rydding eigedomen. Evtnt. om du ynskjer å søkje om terrenginngrep og brakker. Me set frist for tilbakemelding til **04.05.2023**.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland

Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Melding om forureining gbnr 336/62 Ådland nordre

**Mottakarar:**

Tom Atle Olsen

Flatøyvegen 53

5918 FREKHAUG